

Referat frå programstyremøte for fransk, mandag 27. mai, 2024

Tid og stad: Kl. 14.00 - 16, rom 371, HF-bygget

Oppmøte (inkl. digitalt):

Myriam Coco, Øyvind Gjerstad, Margery Vibe Skagen, Annelen Horsås (referent), Emilia Strzeszewska (studentrepresentant), Sébastien Liautaud, Kjersti Fløttum, Anje Gjesdal

Meldt forfall: Sonia Lagerwall

Dagsorden

1) Godkjenning av dagsorden og referat fra førre programstyremøte

Ønske om at referat blir brukt som overskrift på referata frå programstyremøta. Emil Perron var ikkje oppført som deltakar på førre programstyremøte, dette vert lagt til i referatet.

2) Orienteringssaker

- Status for semesterslutt
Tre kandidatar har levert eller leverer masteroppgåver våren 2024. Kommisjonar for alle desse er på plass.

Eksamen er anten gjennomført eller planlagt for alle emne. Gjennomføring har gått bra så langt. Få studentar på 200-nivå.
- Myriam orienterte om Kampus praksisdag KPDA 2: Ungdomskultur: Identiteter og utfordringer
Redesign av lektorprogrammet innebærer Kampus praksisdag for alle lektorstudentane på alle fakultet.
Motteke Såkornmiddel på 61.000 kr for å utvikla Kampusdagen.
Første gjennomgang er planlagt våren 2025. Myriam har forskartermin så det er viktig at nokon vert involvert for å utvikla eit godt opplegg. Anje er open for å delta om det er plass i timeplanen hennar.
- Oppdatering om søknadar
Såkornmiddel – 61.000 kr
UTFORSK-søknaden er levert. Venter på tilbakemelding.
- Det kjem to NORSTIP-studentar til masterprogrammet hausten 2024. Studentane skal ta heile mastergraden ved UiB.
- Programsensor har levert rapport for 200-nivå.
- Følgande emne har treårsevaluering i haust: FRAN204, FRAN254, FRAN205, FRAN255, FRAN308, FRAN313, FRAN350.

3) Vedtakssaker

Føreslåtte endringar i tekst til emneskildringar.

- FRAN350: «Ei masteroppgåve på 70-**100** sider, skriven på fransk» endra til «Ei masteroppgåve på 70-**110** sider, skriven på fransk»
- FRAN100, FRAN122, FRAN123, FRAN206 og FRAN256/256L: «**I løpet av dei første fire vekene** skal studentane lage ei fransk-norsk ordliste (minimum 50 ord)...» endra til «**I løpet av semesteret** skal studentane lage ei fransk-norsk ordliste (minimum 50 ord)...»
- FRAN308/308L: Lagt til følgande under Vurderingsformer –

«Som avslutning på emnet vert det arrangert ein munnleg eksamen som omfattar spørsmål om semesteroppgåva og pensumet på omlag 20-30 minutt. Munnleg og skriftleg eksamensdel tel 50 prosent kvar av samla karakter i emnet. Begge prøvene må vere greidde i same semester. Ein har ikkje krav på rettleiing om eksamen utsettast til følgjande semester.»

- FRAN206/256/256L og FRAN205/255/255L: Lagt til følgande under Arbeids- og undervisningsformer –

«Undervisninga kan bli digital.»

- Etter forslag frå programsensor blir Læringsutbytte på FRAN206/256/256L justert slik at teksten er lik som på FRAN205/255/255L.
- Innføra obligatorisk oppmøte på 300-nivå, tilsvarende oppmøtekrav på 100/200-nivå.

Alle endringane blei vedteke.

4) Diskusjonssaker

- NORPART-søknaden:
 - Diskusjon rundt søknaden og korleis gjera denne best mogleg. Fokus på langvarig samarbeid, internasjonalisering og demokratisering.
 - Søka om midlar til prosjektassistent, dersom dette er mogleg.
 - Fleire frå fagmiljøet må involverast i prosjektet.
 - Nettbaserte kurs, slik at studentar i Kamerun også kan delta.
- Rekruttering av studentar til 200-nivå.
 - Utvida digital undervisning på 200-nivå for å rekruttera studentar som har tatt nettbaserte kurs på 600-nivå.
 - Ønske om å opna emne på 200-nivå for enkeltemneopptaket.
 - Ev. byta ut 600-nivå med digital form av 100-nivå emne, slik spansk gjer.

- Ev. innføra 5-studiepoengsemne for å rekruttera fleire studentar – t.d. gjennom eit tandememne

5) Eventuelt

- Assistentmidlar – informasjon om kva desse blir brukt til og kva oppgåver assistentane har / har hatt
- Frist 1. juni for eigenevaluering av emne. Margery sender ein påminningsmail om det.